

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 13.05.2024

Vår ref.: 202301154-18 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Stian Holte

22 95 92 16 / stho@nve.no

Høring av søknad om ny Krossdalen transformatorstasjon samt å leggje om luftleidningar inn til stasjonen. Ny 420 kV Krossdalen-Steinsland og ny delstrekning 420 kV Krossdalen-Haugsvær. Spenningsoppgradering til 420 kV i Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk med tilhørande nettanlegg, og endringar i Steinsland koblingsstasjon. Invitasjon til folkemøte.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknadar for ny Krossdalen transformatorstasjon og å leggje om luftleidningar inn til stasjonen, i tillegg til ny 420 kV Krossdalen-Steinsland og ny delstrekning 420 kV Krossdalen-Haugsvær. Det er også søkt om konsesjon til spenningsoppgradering til 420 kV i Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk med tilhørande nettanlegg, samt endringar i Steinsland koblingsstasjon. Det er også søkt om å gjere tiltak på Nygardsveien og bygge kaihakk på Eidslandet.

Dei omsøkte tiltaka er i Modalen og Vaksdal kommunar i Vestland fylke. Det er Statnett SF og Eviny Fornybar AS som søker.

Søknadane med konsekvensutgreiing er no på høring, og de kan uttale dykk i saken innan **12. august 2024**.

Søknadane ligg på NVE sine internettsider www.nve.no/13004/A (Statnett) og www.nve.no/16101/A (Eviny).

Invitasjon til folkemøte 11. juni i Modalen kommunehus

NVE held offentleg møte tysdag 11. juni kl. 19.00. Møtet finn stad i Modalen kommunehus, Mo 3, 5729 Modalen. NVE vil orientere om handsaminga av søknaden. Statnett og Eviny vil vere til stades og orientere om planane. Møtet er ope for alle.



Høringsfråsegn kan sendast NVE innan 12. august 2024

I samband med NVE si høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi innspel på mellom anna:

- Kva meiner høyringsinstansane om tiltaket?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Har dykk forslag til justeringar av planane for å redusere moglege negative verknader av tiltaket?

Viss du har høyringsinnspel kan du sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- Via skjema for fråsegner, som de finn på våre nettsider
- Via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202301154 (Statnett SF) eller 202303592 (Eviny Fornybar AS), og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- Via brev til NVE, postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo

Om søknadane

Statnett søker i medhald av energiloven om konsesjon til ny Krossdalen transformatorstasjon til erstatning for Modalen koblingsstasjon, og å leggje om luftleidningar inn til den nye stasjonen. Vidare søker Statnett om å rive 300 kV luftleidningen Modalen-Steinsland, for å bygge ny 420 kV Krossdalen-Steinsland og ny delstrekning 420 kV Krossdalen-Haugsvær i parallelle trasear. Statnett søker også om å gjere endringar i Steinsland koblingsstasjon.

Som følgje av Statnetts omlegging til 420 kV, søker Eviny om å gjennomføre spenningsoppgradering frå 300 kV til 420 kV i Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk. Vidare søker Eviny om å spenningsoppgradere og leggje om luftleidningen Nygard-Krossdalen inn til den nye stasjonen. Eviny søker også om å bygge elektriske anlegg i Krossdalen transformatorstasjon.

Statnett si søknad:

- Ny Krossdalen transformatorstasjon skal erstatte eksisterande Modalen koblingsstasjon. Ny transformatorstasjon skal bygges like sør for eksisterande stasjon.
- Ny luftleidning som blir del av strekningen Krossdalen-Haugsvær (420 kV). Leidningen blir ca. 5 km lang og planleggast bygd i eksisterande trasé Modalen-Steinsland (300 kV). Leidningen frå Haugsvær mot Steinsland leggjast om slik at den ikkje går via Steinsland som i dag, men blir direkte mellom Haugsvær og Krossdalen transformatorstasjonar.
- Ny luftleidning Krossdalen-Steinsland (420 kV) som blir ca. 5 km lang og planleggast bygd aust for og parallelt med den nye traseen Krossdalen-Haugsvær.
- Omlegging av luftleidningen Refsdal-Krossdalen (300 kV) som tidigare gjekk inn til Modalen koblingsstasjon.



- Omlegging av luftleidningen Evanger-Krossdalen (300 kV) som tidligere gjekk inn til Modalen koblingsstasjon.
- Nytt servicebygg og flytting av stasjonsgjerde i Steinsland koblingsstasjon. Inngjerda stasjonsareal reduserast med tiltaket.
- Ny veg og ombygging av Nygardsveien.
- Nytt kaihakk på Eidslandet i Vaksdal kommune.


Eviny si søknad:

- Spenningsoppgradering til 420 kV av Nygard kraftverk.
- Omlegging og spenningsoppgradering til 420 kV av leidningen Krossdalen-Evanger, som i dag er Modalen-Evanger (300 kV).
- Nytt brytarfelt mot Nygard i Krossdalen transformatorstasjon.
- Spenningsoppgradering til 420 kV av Steinsland kraftverk og tilhørende kabelanlegg.
- Spenningsoppgradering til 420 kV av Steinsland koblingsstasjon.

Statnett søker òg om oregningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Statnett om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde. Grunneigarar og rettshavarar som vert røyrd av søknaden om oregningsløyve, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på www.nve.no/grunneierinfo.

Figur 1 nedanfor er teke frå Statnetts søknad. Figuren viser tiltaksområdet i Modalen og Vaksdal kommunar i Vestland.

Sjå vedlegg til dette brevet, som er kart over tiltaksområdet henta frå Statnett og Eviny sine konsesjonssøknadar.



Figur 1: Tiltaksområdet i Modalen og Vaksdal kommunar



Bakgrunn for søknadane

I 2020 leverte Statnett en konseptvalutredning (KVU) for Bergen og omland til Olje- og Energidepartementet. KVUen slo fast at det er behov for å forsterke transmisjonsnettet som forsyner regionen med kraft. Bakgrunnen er at det forventast stor forbruksvekst i området både innan industri og alminneleg forbruk.

Statnett publiserte hausten 2022 en områdeplan for Bergensområdet og Haugalandet. Den viser ein trinnvis plan for økt kapasitet og fornying av aldrande anlegg som ikkje møter krava som stillast til transmisjonsnettstasjonar i dag. Som ledd i nettutviklinga i området er det behov for å spenningsoppgradere eksisterande nett frå Sogndal via Modalen til Kollsnes. Omsøkte tiltak vil betre forsyningssikkerheita og auke kapasiteten i nettet i regionen.

Tiltaket som Statnett nå søkar konsesjon for, utgjer fyste trinn på spenningsoppgraderinga Sogndal-Modalen-Kollsnes. Alle tiltak i Eviny si søknad er eit resultat av Statnett si søknad.

Informasjon til kommunane:

NVE ber Modalen og Vaksdal kommunar legge ut søknadene til offentleg ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa i aktuelle aviser. Vi ber vidare kommunane leggje søknadene ut på sine internettsider og ev. Facebooksida, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden.

Med helsing

Tor Carlsen
seniorrådgjevar

Stian Holte
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

**Mottakarliste:**

STATENS VEGVESEN

Den Norske Turistforening

Natur og Ungdom

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

STATNETT SF

VAKSDAL KOMMUNE

Modalen kommune

NORGES NATURVERNFORBUND

Forsvarsbygg

DIREKTORATET FOR STRÅLEVERN OG ATOMSIKKERHET

EVINY FORNYBAR AS

TELIA NORGE AS

Birdlife Norge

Luftfartstilsynet

AVINOR AS

Telenor Kabelnett

Fortidsminneforeningen

MODALEN KRAFTLAG SA

EVINY AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)

MOTVIND NORGE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Natur og Ungdom Vestland

Kopimottakarliste:

Modalen kommune - Tone Selmer Skuggevik

MODALEN KRAFTLAG SA - Per Bjarte Hanstveit

MODALEN KRAFTLAG SA - Simon Flatekval